

Liste over forslag til KULA-område i Sogn og Fjordane

	Område	Kommune	Tema
Nordfjord			
1	Stadtlandet	Stad	Lynghei, terrengdekkandemyr og beitelandskap. Ferdslveggen over Dragseidet som har ei lang tidsdjupn. Tilleggstema er krigsminna knytta til atlanterhavsvollen.
2	Klosterøya Selja	Stad	Klosterlandskapet på Selja, jordbruk og ruinlandskap med stor tidsdjupne. Maktsenter, Sunnivalenda.
3	Måløy - krigshistorisk landskap	Kinn og Bremanger	Krigshistorisk landskap, del av atlanterhavsvollen. Kystbatteria på Måløya og på Rugsundøy var i aktivitet under Måløyraidet 27. desember 1941 og var dei einaste tyske kystbatteria i Song og Fjordane som var i regulær kamp.
4	Midtre Bremanger – Skatestraumen, Rugsund og Vingen	Bremanger	Helleristingslandskapet i Vingen. Landskapet med stor tidsdjupne som viser korleis folk gjennom ulike tider har tilpassa seg naturgrunnlaget og nytta sjøvegen som både transportåre og næring. I tillegg til helleristingane i Vingen omfattar området kystbonden sitt landskap med handel og sildefiske og sjøklippa Hornelen og myter og segn knytt til den.
5	Strynefjell - fjellovergang	Stryn	Samferdselslandskap med stor tidsdjupne som omfattar viktige ferdsleruter mellom aust og vest i Norge. Landskapet omfattar to freda vegar, samt ferdslveggen over Kamperhamrane er ein av dei eldste ferdslvegane over fjellet mellom aust og vest Norge.
Sunnfjord			
6	Den ytre skipsleia med fjelløyane	Askvoll, Kinn og Bremanger	Fjelløyane langs kysten som navigeringspunkt. Viktige element for samferdsla langs kysten. Fleire av dei var også basar for sildefisket som igjen gav grunnlag for å etablere byen Florø.
7	Kystrøysene – den indre leia med	Askvoll og Fjaler	Den indre seglingsleia langs kysten av Sogn og Fjordane. Dei mange

	gravrøyser		gravrøysene frå bronse- og jernalder som ligg langs leia viser til den lange tidsdjupna i landskapet.
8	Jølstravatnet – Nicolai Astrup sitt landskap	Sunnfjord	Jølstralandskapet som motiv for Nicolai Astrup sine måleri. Tilleggstema er det godt bevarte jordbrukslandskapet.
9	Tysselandet og Leite i Dalsfjorden	Fjaler	Embetsmenna sitt landskap, med parkanlegg, jordbruk og sjøhusmiljø.
Sogn			
10	Kvernsteinslandskapet	Hyllestad	Landskap med lang tidsdjupne for utvinning av kvernstein. Eit landskap som viser til ei svært lang brukstid med spor etter dei ulike periodane med kvernsteinutvinning.
11	Balestrand og Vangsnes	Sogndal og Vik	Turistane sitt landskap. Landskap som var viktig i samband med utviklinga av den tidlege turismen. Landskapet som motiv for kunstnarar. Tilleggstema er det godt bevarte jordbrukslandskapet og møtepunkt mellom fleire fjordarmar. Stor tidsdjupne.
12	Kraftutbyggingslandskapet i Høyanger	Høyanger	Kraftutbygginga sitt landskap. Landskap karakterisert av ulike stadium av kraftutbygging og kraftkrevjande industri. Grunnlaget for etableringa av tettstaden Høyanger.
13	Lustrafjorden med Urnes	Luster	Fjordlandskapet rundt Urnes stavkyrkje. Jordbrukslandskap med både moderne drift og bevarte element frå den tidlegare tradisjonelle jordbruksdrifta. Tettstaden Solvorn som innfallsport til verdsarven og samspelet mellom stavkyrkja på Ornes og kyrkja i Solvorn.
14	Grinde – Engjasete - tradisjonelle fjordgardar	Sogndal	Det tradisjonelle jordbrukslandskapet med frukthagar, beitemarker, slåtteteigar, eng og styvingstre som er skjøtta på tradisjonelt vis.
15	Vik - mellomalderlandskapet	Vik	Landskap prega av store gravfelt plassert mellom to mellomalderkyrkjer. Omgjeve av eit aktivt jordbrukslandskap med fleire eldre gardstun.
16	Gulatinget	Gulen	Landskapet for Gulatinget med to kjende tingseter. Knytt til Gulatingslova som vert rekna som ei av dei første og mest demokratiske lovene i Europa for 1000 år sidan. Dagens lover i Norge er framleis tufta på dei gamle gulatinglovene.

17	Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden	Aurland, Lærdal, Vik og Voss	Området er innskrevet på UNESCO si verdensarvliste, fjordlandskap med godt bevarte restar etter det tradisjonelle jordbruket med bevarte gardstun. Restar etter omfattande fangstanlegg i fjella ved Fresvikbreen. Området er utvida noko utover grensene for verdsarv for å få med heilskapen til fangstanlegga, utkikkspunktet for J.C . Dahl sitt måleri «Fra Stalheim» og den freda vegen Stalheimskleiva.
18	Midtre Lærdal og Lærdalsdalen og samferdsle historia	Lærdal	Jordbrukslandskap med stor tidsdjupne frå yngre steinalder til notid. Veghistorie som femner over eit tidsspenn på meir enn 1000 år. Tilleggstema vil vere turisme.
19	Filefjellsvegen	Lærdal	Vegtrase med lang tidsdjupne som er ein viktig del av samferdslehistoria mellom aust og vest i Norge. I landskapet ligg den lengste originale kongevegstrekinga som er att mellom Lærdalsøyri og Øye. I tillegg til fleire generasjonar med vegtrasear.
20	Fjellgardane i Aurlandsdalen	Aurland	Jordbruk og ferdslelandskap. Området er særskild godt bevart med den gamle ferdsleruta, eldre gardar, husmannsplassar og stolar. Område med stor tidsdjupne der mange av dei gamle elementa som syner bruken av landskapet framleis er bevart.
21	Flåmsbana - Flåmsdalen	Aurland	Jernbanehistorisk landskap. Kulturminne knytt til bygginga av jernbanen, jernbanestrekinga og rallarvegen. Jordbrukslandskap.